
Saksnr: 2020/57782-3
Saksbehandlar Bente Øyre
Dato: 10.11.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser

Fylkesdirektøren har revidert rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar for byggegrenser langs fylkesveggar. Denne vil, for Vestland fylke, erstatte rammeplanen utarbeidd av Statens vegvesen Region vest for riks- og fylkesveggar.

Planen seier noko om korleis fylkeskommunen vil handtere søknader og planar som omfattar avkøyrslar og andre tiltak langs vegen.

Utkast til ny rammeplan er no sendt på høyring til alle kommunar i Vestland, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Vestland. Frist for å komme med merknader er 20. desember 2020.

Fylkesdirektøren vil komme tilbake med ei sak til hovudutval for samferdsel og mobilitet i første halvdel av 2021.

Informasjon om høyring av rammeplanen er og lagt som nyheitssak på heimesida, [Nyheitsmelding om rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar](#).

Høyringsbrev og rammeplan er vedlagt som orientering.

Vedlegg

- 1 Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser for fylkesvegnettet - høyring av rammeplan
- 2 Rammeplan for fylkesveggar - høyringsversjon